

Kontrollutvalet i Forsand kommune

Møteinnkalling

| | |
|------------|----------------------------|
| Møtested: | Møterommet på kommunehuset |
| Dato: | 28.05.2015 |
| Tidspunkt: | Kl. 9.00 |
| Møtenr: | 3 / 2015 |

Til behandling:

| Sak nr | Sakstittel |
|-----------------------|--|
| 15/15 | Godkjenning av protokoll frå møte den 23. april 2015 |
| 16/15 | Notat fra revisor til rådmannen vedr. varslingssak |
| 17/15 | Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid |
| 18/15 | Statusoversikt pr. mai 2015 |
| | |

Referatsaker/meldinger

| Periode: | 23.04.2015 - 28.05.2015 | |
|----------|-------------------------|-------------------|
| Nr. | Arkivsak | Referatsakstittel |
| | | |

Vennlegast meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallas.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand, 20.05.2015

Inger Anita Merkesdal
Leder av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

15/15 Godkjenning av protokoll frå møte den 23. april 2015

Arkivsak-dok. 13/00014-19
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

| Saksgang | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Forsand | 28.05.2015 | 15/15 |

Protokollen frå møtet den 23. april 2015 vart lagd fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte den 23. april 2015.

SANDNES, 18.05.2015

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 23.04.2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

16/15 Notat fra revisor til rådmannen vedr. varslings sak

Arkivsak-dok. 13/00237-12
 Arkivkode. 047
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

| Saksgang | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Forsand | 28.05.2015 | 16/15 |

Bakgrunn

Rådmannen inngjekk ein avtale med revisor 17. februar 2015 om å gjere ei undersøking av varslingar som kommunen fekk vedrørande saker på teknisk etat. Kontrollutvalet vart orientert om avtalen i meldingssak 6/15, i møtet 23. april 2015. Notatet som no føreligg er ein tilbakemelding/rapport om revisor sine undersøkingar. Sjølv om undersøkingane vart sett i verk av rådmannen, meiner revisor at kontrollutvalet og bør kjenne til innhaldet i notatet (sjå notatet side 13).

Revisor vil presentere rapporten. Sekretariatet har og bede rådmannen å kome i møtet.

Notatet frå revisor til rådmannen ligg ved sak. I tillegg har me og lagt ved oppdragsavtalen, då dette inneheld avgrensingar som er med i avtala.

Saksutgreiing

Notatet visar dei sakene som revisor har gått gjennom i undersøking av varslinga. På side 13 oppsummerer revisor sine funn som fylgjer:

- *Det er betydelige svakheter i teknisk seksjons bruk av sak-/arkivsystem, både når det gjelder journalføring, avslutning av saker/restanselister og orientering til folkevalgte om administrative vedtak.*
- *I flere av sakene vi har gjennomgått er det ved teknisk seksjon fattet vedtak av ansatte som etter vår vurdering var inhabil i saken.*
- *Kommunen har tildelt støtte til utbygging av traktorveg etter at fristen på 3 år var gått ut.*
- *På g./b.nr 46/1 er det revet og bygget ny hytte uten å søke om nødvendige tillatelser. Det er etter vår oppfatning kritikkverdig at den medarbeideren i kommunen som har det overordnede faglige ansvaret på dette området, ikke forholder seg til regelverket.*
- *Forsand kommune har kjøpt arkitekttjenester i strid med Lov om offentlige anskaffelser.*
- *Kommunens støtte til Landa Park er i strid med retningslinjene for kraftfondet.*
- *Dersom kommunen skulle tildele økonomisk støtte i tråd med retningslinjene for kraftfondet, burde det vært foretatt en ny utlysning av salget av Landa, slik at alle interesserte hadde samme utgangspunkt.*
- *Det kan stilles spørsmål med hvorfor rådmannen går vekk i fra vedtaket i kommunestyret i mai 2014 om at teknisk leder skulle ha høyere utdanning, men når man ved utlysning ikke får gode nok søkere, vil man være nødt til å finne en hensiktsmessig løsning uansett.*
- *På bakgrunn av situasjonen ved teknisk etat ville det antagelig vært hensiktsmessig å forholde seg til personalreglementet og lyst ut lederstillingene internt ved omorganiseringen.*
- *Noen av de ansatte ved teknisk etat opplever et arbeidsmiljø som ikke er tilfredsstillende.*
- *Vi har i dette notatet pekt på en del uheldige og kritikkverdige forhold i Forsand kommune, som det vil være rådmannens og de folkevalgtes ansvar å ta opp til drøfting for å finne en løsning på.*

Me viser elles til rapporten og til orienteringar som vert gitt i møtet.

Denne rapporten er bestilt av rådmannen, som og må avgjere korleis rapporten skal fylgjast opp vidare. Revisor har tilrådd at rapporten og blir lagt fram både for kontrollutvalet og kommunestyret. For kontrollutvalet sin det er det naturleg å ta rapporten til orientering

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering

SANDNES, 18.05.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Oppdragsavtale Forsand undersøking](#)

[RR Notat til rådmannen - Forsand kommune](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

17/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid

Arkivsak-dok. 14/00006-10
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

| Saksgang | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Forsand | 28.05.2015 | 17/15 |

Bakgrunn

Kontrollutvalet starta i første møte med ei evaluering av arbeidet i perioden. Sekretariatet har laga eit referat frå samtalen i første møte, som ligger ved denne saka.

Saksutredning

Sekretariatet vil i denne runden komme med nokre forslag til områder/sider ved arbeidet som det er naturleg å ta med i evalueringa:

- Samarbeidet med kommunen (*kommunestyret, administrasjon, det politiske miljø*)
- Samarbeidet med revisor og tilsyn med revisor
- Samarbeidet med sekretariatet
- Opplæring frå sekretariatet og revisor i møta (*generell opplæring, tematisk opplæring*)
- Kurs og konferansar (*tilstrekkelege midlar, kursa sin relevans, jobbsituasjon, kvalitet, anna*)
- Budsjett- og budsjettoppfølging (*utarbeiding av budsjett, tilstrekkelege midlar til oppgåvene, oppfølging av budsjettet gjennom året*)
- Rapportering til kommunestyret (*årsplan og årsmelding, oversending av rapportar til kommunestyret, oppfølging av saker*)
- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroller (*arbeid med planer og overordna analyse, dialog med politikarane og administrasjon, bestilling, behandling og oppfølging av rapporter*)
- Regnskap og internkontroll (*Behandling av kommunens årsrekneskap og skatterekneskap, oppfølging av internkontroll, oppfølging av revisjonens merknader.*)
- Anna som kontrollutvalet ynskjer å ta med

For kvart av disse områda kan det være naturleg å stille fylgjande spørsmål:

- *Kva er gjort i perioden?*
- *Kva erfaringar har kontrollutvalet?*
- *Kva kan forbeholdast?*
- *Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følge opp?*

Målet med å ta saka opp att, er å gje kontrollutvalet høve til å sikre at alle sider ved arbeidet vert vurdert. Det gjer òg kontrollutvalet høve til å kome med nye og utfylgjande vurderingar i høve til det som vart nemnd i første møte.

Sekretariatet vil oppdatere referatet med det som kommer fram i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Sekretariatet vil samanfatte mottekne innspel, og leggje fram eit referat til neste møte i kontrollutvalet.

Sekretariatet vil bringe kontrollutvalet sine synspunkt vidare til det nye kontrollutvalet som vert vald hausten 2015.

SANDNES, 20.05.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

18/15 Statusoversikt pr. mai 2015

Arkivsak-dok. 13/00087-28
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

| Saksgang | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Forsand | 28.05.2015 | 18/15 |

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Til dette møte er ingen endringar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt pr. mai 2015 til orientering.

SANDNES, 18.05.2015

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker pr. mai 2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.